



Lærdal kommune
Postboks 83
6886 LÆRDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Lærdal kommune – ny handsaming av budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024

Lærdal kommunestyre har i møtet 7. oktober, sak 56/21, på nytt handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024. Statsforvaltaren har per 20. oktober motteke saksdokumenta, som vi legg til grunn i vår tilbakemelding til kommunen.

Etter kommunestyret sine opphavelige vedtak for budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024, og med seinare administrative opprettingar av dokumenta til gjeldande forskrifter for budsjett og økonomiplanar, vart det avvik i løyvingsoversiktene for drift og investering samanlikna dei opphavelige vedtaka til kommunestyret. Statsforvaltaren bad difor i brev av 8. juli, om at kommunestyret måtte handsame og vedta budsjettet og økonomiplanen på nytt.

Lærdal kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar.

Oppsummering

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Lærdal frie inntekter inklusiv inntekter frå kraftverksemd som ligg over landsgjennomsnittet, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, bør kommunestyret gjennomføre tiltak for å følgje opp eiga målsetjing om å oppnå netto driftsresultat på minimum 1,75 %. Dette bidreg til at kommunen sikrar den økonomiske handlevna over tid, opprettheld nivået på disposisjonsfondet som ein buffer i drifta og i tillegg ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Det siste er nødvending for å snu ei aukande lånegjeld, og oppnå handlingsregelen kommunestyret har fastsett for lånegjelda.



Budsjett 2021

I 2020 fekk kommunen eit netto driftsresultat på 14,4 mill. kroner, som utgjer 5,3 prosent av driftsinntektene. Etter avsetjing til bundne driftsfond på 4,4 mill. kroner, er korrigert resultat 10,1 mill. kroner som vart avsett til disposisjonsfondet. Disposisjonsfondet er etter dette på 21 mill. kroner, som utgjer 7,5 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnitt for landet (utan Oslo) er 10,9 prosent (tal for kommunekassa).

Kommunen budsjetterer med eit negativt netto driftsresultat på - 6,9 mill. kroner, som utgjer - 2,6 prosent av driftsinntektene. Etter bruk av bundne fond med 2,9 mill. kroner, er budsjettet balansert med bruk av disposisjonsfondet på 3,9 mill. kroner.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er til saman budsjettert med 150,3 mill. kroner. Oppdatert prognose frå KS er på 157,2 mill. kroner. Dette inkluderer 3,1 mill. kroner til dekning av meirutgifter og reduserte inntekter som følgje av koronapandemien.

Av andre sentrale inntekter er eigedomsskatt budsjettert med 20 mill. kroner frå næringseigedom og kraftanlegg/-nett, som er ein auke på 1,1 mill. kroner samanlikna med faktisk inntekt i 2020. Gevinst på sal av konsesjonskraft er lagt inn med 11,1 mill., mot ei netto inntekt i 2020 på 14,7 mill. kroner.

Samla netto løyvingssramme for tenesteområda (sektorane) er 173,8 mill. kroner, det er nominelt 15 mill. kroner meir enn rekneskapen for 2020.

Kommunen har budsjettert med investeringar i anleggsmiddel for til saman 61,4 mill. kroner. Dette skal finansierast med 24 mill. kroner i nye lån, 15 mill. i ubrukte lånemidlar, kompensasjon meirverdiavgift 6 mill., sal av varige driftsmidlar 6,5 mill. og 9,9 mill. kroner i bruk av bundne investeringsfond. Nye lån gjeld fullt ut avgiftsfinansierte VAR-anlegg.

Kostra-tal for 2020 viser at kommunen har ei brutto langsiktig lånegjeld på 341 mill. kroner (kommunekassa 337,2 mill.), som utgjer 119 prosent av driftsinntektene. Tilsvarande tal for alle kommunar i landet (ekskl. Oslo) er 117 prosent, og for samanliknande kommunar (Kostra-gruppa) er gjelda i gjennomsnitt 97 prosent av driftsinntektene.

Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen. Sentralt for økonomiplanen er kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning om at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid.

I økonomiplanperioden blir sum driftsinntekter reduserte med om lag 5 mill. kroner frå 2021 til 258 mill. kroner i 2022, for så å vere på dette nivået ut perioden. Driftsutgiftene blir jamt reduserte i heile perioden, frå 271 mill. i 2021 til 259 mill. kroner i 2024. Innanfor desse endringane, er det størst reduksjon i løyvingar til netto drift av tenester, frå 173,8 mill. kroner i 2021 til 162,4 mill. kroner i 2024. Netto finansutgifter er planlagt redusert med 3 mill., til 12,5 mill. kroner i 2022 og ut perioden. I dette ligg det at inntekter frå utbytte aukar frå 1,6 mill. i 2021, til 5 mill. kroner frå 2022. Netto driftsresultat er budsjettert frå - 1,5 prosent i 2022 til 0,5 prosent i 2024. Etter netto bruk av bundne fond på 18,5 mill. kroner, er det for heile perioden avsett 5,9 mill. kroner til disposisjonsfond.



I heile økonomiplanperioden 2021–2024 er det planlagt investeringar i anleggsmiddel for 132,6 mill. kroner. Av dette skal 80,2 mill. kroner bli finansierte med nye lån. Av lånebruken vedkjem 47 mill. kroner avgiftsfinansierte VAR-investeringar. Avdrag (ekskl. avdrag på vidare utlån) er budsjettert med 52 mill. kroner for heile perioden.

Brutto langsiktig lånegjeld er ved utgangen av 2024 for kommunekassa berekna til 365 mill. kroner, som vil utgjere 142 prosent av budsjetterte driftsinntekter.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Lærdal kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

- Netto driftsresultat på minimum 1,75 prosent (som vert avsett til disposisjonsfond).
- Reservar på disposisjonsfondet på 4 – 5 prosent av samla driftsinntekter.
- Årleg låneopptak skal avgrensast til betalte avdrag same år, eit unntak er frå denne handlingsregelen er låneopptak i tilknytning til sjølvkostområda og investeringar innanfor VAR-området.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Lærdal frie inntekter inklusiv inntekter frå kraftverksemd som ligg over landsgjennomsnittet, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, bør kommunestyret gjennomføre tiltak for å følgje opp eiga målsetjing om å oppnå netto driftsresultat på minimum 1,75 prosent. Dette bidreg til at kommunen sikrar den økonomiske handleevna over tid, gjennom å ta vare på sin formue, oppretthalde nivået på disposisjonsfondet som ein buffer i drifta og i tillegg ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Det siste er nødvendig for å snu ei aukande lånegjeld, og oppnå handlingsregelen kommunestyret har fastsett for lånegjelda.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent